
Fra: Postmottak Lindås
Sendt: 7. august 2015 10:45
Til: Postmottak Lindås
Emne: Uttale - oppstartsmelding - gbnr 108/1 Lindås - detaljreguleringsplan

Fra: fmhpostmottak@fylkesmannen.no [<mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no>]

Sendt: 7. august 2015 10:20

Til: offentlig.ettersyn@abo-ark.no

Kopi: Postmottak Lindås

Emne: Uttale - Oppstartsmelding - Lindås - Gnr 108 bnr 1 - Dalane - Etablering av konsentrerte småhusbustader - Detaljreguleringsplan

Uttale til oppstart av detaljregulering for Dalane – Gnr. 108 – Bnr. 1 Fnr. 50 – Lindås kommune

Vi viser til dykkar brev av 24.06.2015 med melding om oppstart av planarbeid for gnr. 108 bnr. 1. fnr. 50.

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken.

Fylkesmannen poengterer at alle planar etter plan- og bygningslova skal inkludere vurdering av folkehelseperspektivet, jf. plan- og bygningsloven §3-1. Planlegginga skal vere helsefremjande gjennom å fremje faktorar som styrkjer helsa og livskvaliteten, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova §4. Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. Regional plan for folkehelse 2014-2025. Alle planar krev god medverknad og barn og unge skal vere høyrd og teke omsyn til i planprosessen.

Vi minner vidare om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

ROS-analyse

Kommunane skal fremja samfunnstryggleik i si planlegging, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 3-1 bokstav h. Pbl. § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal visa risiko og sårbarheit som har verknad for om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for m.a. flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at slike akseptkriteria bør vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikotilhøve skal

merkast på plankartet med omsynssone. Vidare skal krav til risikoreduserande tiltak gå fram av planføresegnene.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Hege Brekke Hellesøe
Rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Tlf: 55 57 23 52
www.fylkesmannen.no/hordaland

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

. Tenk miljø - ikkje skriv ut denne e-posten med mindre det er naudsynt